

Små vassverk

- kommunale og private

Spesielle utfordringar og løysingar

Av Magnar Bolstad

Magnar Bolstad er dagleg leiar i ISIS AS

Innlegg på seminar 5. mars 1998 i Norsk Vannforening

Innleiring

Min eigen bakgrunn er frå rådgjevarbransjen og fylkeskommunen og frå fylka Troms og Sogn og Fjordane. Begge fylke der små vassverk er ein stor del av den totale vassforsyninga.

Når eg snakkar om små vassverk, så meiner eg langt meir enn dei aller minste. Eg snakkar for det fyrste om godkjenningspliktige vassverk. Dernest strekker eg omgrepet ”små vassverk” eit godt stykke oppover i storleik utan at det er mogleg å dra konkrete grenser. Ut frå min kvardag vil eg t.d. definera dei aller fleste vassverka i Sogn og Fjordane inn i dette omgrepet.

Eg meiner også at driftsorganisasjonen betyr minst like mykje som sjølve storleiken på vassverket. For kommunale vassverk går grensa like mykje mellom store og små kommunar. I små kommunar har ein uansett eit svært avgrensa driftsmiljø å basera seg på. Det

gjeld også andre felt enn vassforsyning og det er ikkje avansert driftskompetanse vi snakkar om. Det kan ofte vera banale ting som gjer at anlegga ikkje fungerer.

Eg kjem difor til å snakka ut frå situasjonen til:

- Vassverk i små kommunar
- institusjonsvassverk (dvs. vassverk for skular og institusjonar der drift, personell og økonomi fell utanfor den vanlege kommunale drifta)
- Private andelsvassverk
- Vassverk for private verksemder

Dette er sjølv sagt eit stort spenn, men ein har etter mi meinung svært mange felles problemstillingar. Ikkje alt eg tek opp vil vera like aktuelt for alle desse kategoriane.

Eg vil også seia at eg kjenner fleire eksempel på private andelslag som driv på ein svært profesjonell måte. Dette er likevel unntaka meir enn regelen. Det same gjeld også for kommunale vassverk.

Situasjonen i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane er av dei mest spreiddbygde fylka i landet med 26 kommunar med 4.100 innbyggjarar i snitt og ein variasjon frå 1.000-11.000. Totalt ca 107.000 personar. Dette betyr også mange små vassverk og mange private vassverk.

Fylket strekker seg frå kysten og omlag 240 km innover i landet med ein høgdeskilnad frå 0 til over 2000m. Det betyr sjølv sagt enorme skilnader i høve til vassforsyning:

- Kyststripa har liten tilgang på vatn og det dårlegaste råvatnet. Både tilgangen og kvaliteten blir betre til lengre inn i fjordane ein kjem.
- Alle verksemndene innan fiskeindustrien er lokaliserte i kyststripa. Store verksemder som krev mykje og godt vatn og som eksporterer storparten av produksjonen til marknader som EU, Japan og USA. Ein fiskeindustri som er stor også i landsmålestokk.
- Vi har ein enorm turisttrafikk både av nordmenn, tyskarar, nederlendarar og japanarar for å nemna dei viktigaste. Vi har 1 mill. overnattingsdøgn i året og ca. 500.000 av desse er utlendingar. Tyngda av desse i dei indre deler av fylket som nok har det beste vatnet, men samstundes ei rekke reiselivsverksemder i høgfjellet og stader utan mogelegeheter for større fellesvassverk.

For å kartleggja dette problemet og sjå på mogelege tiltak for å leggja til rette

for ei positiv utvikling innan vassforsyning, gjennomførde fylkeskommunen i 1996 eit større prosjekt. Dette prosjektet var retta inn mot reiselivsverksemder og næringsmiddelindustri som ikkje var knytt til offentleg vassforsyning.

Dette gjer at vi no har ein god del konkret kunnskap om situasjonen i fylket:

- 159 verksemder med private vassverk som er godkjenningspliktige etter drikkevassforskrifta vart undersøkte.
- Av desse var ca 82% reiselivsverksemder og ca 18% næringsmiddelindustri.
- Type vasskjelde fordelte seg som følgjer
 - 41 % overflatevatn
 - 26 % borebrønn i fjell eller lausmassar
 - 24 % oppkomme
 - 9 % andre

Hovudkonklusjonane frå prosjektet var:

- Berre 1 av 7 reiselivsverksemndene desinfiserer vatnet
- 2 av 3 næringsmiddelverksemder desinfiserer vatnet
- Det trengst ca 15 mill. kr. i straks-tiltak for å betra denne situasjonen
- I tillegg trengst det ca. 7 mill. kr. på andre tiltak

Dette er alle vassverk der den driftsansvarlege har vassverket som ein liten del av jobben. Ofte er det hotell direktøren eller bedriftseigaren som kjänner vassverket og ser til at det fungerer. Personar som har heilt andre

oppgåver som dei viktigaste. Det seier seg sjølv at dette er ein vanskeleg situasjon.

I 1998 er det starta opp eit nytt prosjekt i fylket som tek føre seg kommunale vassverk og private vassverk som ikkje var omfatta av den førre kartlegginga. Ved utgangen av året vil ein difor i Sogn og Fjordane vita mykje om vassverkssituasjonen, både når det gjeld private og kommunale vassverk. Dermed slepp vi å anta og ”synsa” som tidlegare. Det er også viktig at fylket med dette sjølv tek ansvar for å sitja med oppdatert kunnskap om vassverka i fylket.

Spesielle utfordringar

Utfordringane for små vassverk og vassverk i små kommunar ligg etter mi vurdering innafor følgjande hovudfelt:

- Drikkevassforskrifta og praktiseringa av denne
- Personell/kompetanse og fagmiljø
- Økonomi / tid
- Tilpassa tekniske løysingar
- Godkjennung
- Tilsyn

Drikkevassforskrifta

Frå min ståstad har eg opplevd drikkevassforskrifta som positiv, og årsak til svært mykje av den fokus og positive utvikling som har vore innan denne sektoren dei siste åra. Forskrifta gir alle som arbeider med vassforsyning ein god reidskap å arbeida med – også heilt ned til den einskilde vassverksformannen. Forskrifta plasserer også ansvaret for vassforsyninga på ein eintydig måte.

Når det er sagt meiner eg likevel at lista er lagt høgt i høve til driftssituasjonen i mange små kommunar og små vassverk. For dei minste gjeld dette spesielt krava til formalia rundt det å driva vassverket dvs.

- Utbyggingsplanar
- Driftsplanar
- Internkontroll
- Beredskapsplanar
- Informasjon
- osv.

Det er lett nok å seia at små vassverk kan gjera det enkelt. Problemet er at du skal kunna desse tinga for å vita kva du skal forenkla. Det er ikkje noko lett sak for ein vassverksformann eller ein hotelleigar å vita korleis han skal forenkla når ein har problem nok med å skjønna fagspråket.

I tillegg er det lagt opp ein framdriftsplanning for gjennomføringa av forskrifta som var heilt urealistisk. Alle i branjen såg med ein gong at dette var utoptisk, men kanskje var det naudsynt å gjera det slik? Kanskje trengde vi ein slik tidsplan for å opna augo på dei som steller med vassforsyning og få merksemrd rundt den nye forskrifta?

Hovudproblemet med forkrifta er etter mi meining at spriket mellom krav og realitetar fort kan bli for stort. Spelerommet for tilsynsstyresmaktene er også lite og därleg definert. Vi må ikkje enda opp med at det beste blir det gode sin fiende! Ting tek tid og det viktige er at vi går i rett retning og har eit visst tempo!

Personell/kompetanse/fagmiljø

Her ligg etter mi meining noko av den største utfordringa for denne type vassverk. Det daglege driftsansvaret ligg på personell som også har ei lang rekke andre oppgåver å ta hand om:

- Ein person på teknisk etat som har hendene fulle med andre oppgåver. Oppgåver som hastar og som er spreidd over eit stort fagfelt.
- Ein vassverksformann som har kveldar og helgar til å driva med vassforsyning
- Ein bedriftseigar som har vassforsyning som ei lita bi-oppgåve ved sida av det dei eigentleg skal driva med og leva av
- Ein vaktmeister på ein skule eller institusjon

Felles for desse er at dei har lite eller ingen kompetanse til å driva eit vassverk i dag. Tida er forbi då det handla om å grava grøft og leggja leidningar og alle var nøgde når det var vatn av tilstrekkeleg trykk.

I dag er det i like stor grad snakk om prosesskunnskap. Når eit vassverk er utbygd etter dei krava som forskrifa set, må den som skal driva vassverket kunna styra ei lang rekke avanserte prosessar. Dette er ikkje gjort over natta og det er dårleg med definerte miljø dei kan venda seg til for å få hjelp og råd.

Ei spesiell utfordring for andelsvassverka er kontinuiteten:

- Kven som skal ta over når gamleformannen bestemmer seg for å få meir tid til familien?
- Kven vil ta på seg eit så pass stort arbeid på ideelt grunnlag?
- Kven vil ta på seg den tøffe jobben

det er å driva gjennom den naudsynte utbygginga av vassverket? (eit årsmøte i eit privat vassverk i turbulente tider er ikkje nokon søndagsskule!)

Økonomi / tid

Utsikt til ei rimelegare vassavgift enn den kommunale ei viktig drivkraft for dei private andelsvassverka. Tilskotsreglane slik dei er i dag seier at dersom dei skal oppnå tilskot må dei halda same avgiftsnivået som kommunen. Dermed fell ein del av motiveringa for å driva andelsvassverket bort.

Økonomien er også ein viktig faktor for institusjonsvassverk og private verksemder. Vassforsyninga er ein innsatsfaktor på linje med mange andre. Ein faktor det er om å gjera å halda så låg som mogeleg.

Etter mi meining er det ei altfor sterk fokuseringa på låge kostnader. Dette går ut over drifta av anlegga og fører til at ein ikkje tenker langsiktig nok. Det er ein sterk motvilje mot å bruka pengar på ekstern kompetanse og det skjer ikkje nødvendig oppbygging av fond til å møta nye utfordringar og uventa utgifter. Altfor ofte blir det køyrt så lenge det går, anlegget blir nedkjørt og det er ingen økonomi til å driva vidare.

Mykje vassverksarbeid kan vera eigna for dugnad, men ikkje alt. Det må bli ein større vilje til å betala for å få hjelp når det trengst. Det kan ikkje vera vassverksformannen eller hotelldirektøren si oppgåve å vurdera reinseprosessar. Det må bli viktigare at ein gjer dei rette tinga og brukar pengane der dei gir effekt enn at avgifta skal haldast på kr. 300 pr år i all framtid.

Den tida er forbi ! Investeringar i feil anlegg og manglende drift er og blir bortkasta pengar!

Situasjonen for kommunale vassverk er betre enn for dei private, sjølv om det også her er tøffe tak i høve til å få politikarane til å vera med på det som trengst. Bruk av hovudplan er her heilt avgjerande for å få sett kostnadene inn i ein samanheng. Utan ein slik større samanheng kjem ein aldri vidare enn til at vassavgiftene skal følgja den generelle prisstigninga og det gir inga framtid.

Tilpassa tekniske løysingar

Dei tekniske utfordringane for små vassverk er som regel dei same som for store vassverk:

- Bakteriar
- Humus
- Aggressivt vatn

Problemet er berre at løysingar tilpassa små vassverk sin driftssituasjon er mangelvare. Ofte er det store løysingar som blir nedskalerte og det er ikkje godt nok. Det må utviklast eigne løysingar som tek utgangspunkt i små kommunar og små vassverk sin kvardag. Dette har det ikkje vore tradisjon for verken hos rådgjevarane eller leverandørane. Det er naturleg nok meir interessant å jobba mot store anlegg og kundar med pengar til utvikling og utprøving. Her har dei som sit på dei økonomiske midlane i det offentlege eit stort ansvar som hittil er teke for lite på alvor. Kanskje fordi små vassverk har mangla talsmenn og ei organisering som gjer at dei blir synlege.

Heldigvis har det vore positive unn-

tak dei seinare åra. Fleire prosessar har vorte kjempa fram. Prosessar som er enkle å driva og som er godt eigna for automatisering.

Godkjenning

Det er svært mange aktørar innan vassforsyning. Ei rask oppteljing viser at eit vassverk raskt kjem i kontakt med 5-6 offentleg instansar straks det skal gjerast noko med vassverket:

- Kommunen
- Næringsmiddeltilsynet
- Kommunelege I
- Fylkeskommunen
- Folkehelsa

Dette er for mange kontaktpunkt – spesielt for private vassverk.

I tillegg har kommunestyret fått tildele ei svært komplisert rolle:

- Vassverkseigar for kommunale vassverk
- Godkjenningsinstans for alle vassverk
- Overordna organ for kommunelege I
- Overordna organ for næringsmiddeltilsynet
- Godkjenningsorgan for hovudplanar

Denne rollen skal bli utfordrande å praktisera etter kvart som det vil dukka opp ein del konfliktsaker og med media som ein aktør i tillegg !

For meg synest det unødvendig å dra kommunestyret inn i godkjenning etter ei så konsis og strengt definert forskrift som drikkevassforskrifta. Ei politisk handsaming fører også automatisk til skilnader på korleis forskrifter blir tolka. Spesielt når det gjeld restriksjonar på

nedslagsfelt til vasskjelder ser vi alt konkrete eksempel på dette.

Tilsyn

Mi erfaring er at mange av næringsmiddeltilsyna har teke fatt i vassforsyninga på ein skikkeleg måte. Det har vorte gitt informasjon om forskrifter og kva endringar denne fører til. Dermed har det vore gitt råd og hjelp til arbeidet med å sökja om godkjenning.

Det er også nokre næringsmiddeltilsyn som er i gang med oppfølging/revisjon. Dette er etter mi vurdering ein av dei viktigaste tinga næringsmiddeltilsyna kan gjera for å få til ei utvikling i rett retning innafor vassforsyninga.

Problemet er spraket mellom liv og lære og det manglande spelrommet tilsyna har i høve til tolking/praktisering av forskrifter. Det må vera lov å bruka sunt vit ut frå at det viktigaste er ein framgang. Ikkje alt må vera tipp topp med det same.

For tilsyna sjølv er det ein fare å bli for involverte i teknikken. Mange private vassverk vil naturleg spørja om ei lang rekke tekniske løysingar. Her må tilsyna kjenna sine grenser og ikkje bli ”prosakterande ingeniørar”. Det har dei ikkje kompetanse til og det er vel heller ikkje meiningsa.

”Løysingar”

Eg vil ikkje gi meg ut på å komma med løysingar for problema for små kommunar og små vassverk generelt. I staden vil eg lista opp ein del faktorar som etter mine erfaringar er viktige å gripa fatt i.

1.

Det må etablerast eit formelt støtteapparat i ei eller anna form. Mange modellar er aktuelle og den eine utelukkar ikkje den andre

- Driftsassistanse både for kommunale og private vassverk
- Driftssamarbeid over kommunegrensene dvs. ”oppheva” kommunegrensene på dette feltet
- Kjøp av tenester over kommunegrensene.

NB! Det må alltid etablerast ein ansvarleg motor med basis i eit aktivt fagmiljø! Utan ein slik motor vil det ikkje fungera!

Dette punktet er etter mi mening avgjerande for at private andelsvassverk skal overleva på sikt. Dei må på ein eller annan måte bli meir profesjonelle.

2.

Hovudplanarbeidet må forserast og reelt omfatta private vassverk

- Bruk hovudplanarbeidet til å komma i ein positiv dialog med dei private vassverka
- Lag ein reell hovudplan der prioriteringar og hovudløysingar kjem i fokus – ikkje lag ein stor rammeplan
- Gi hovudplanen ein reell status ved å handsama den som ein kommunedelplan
- Dra eit lite utval av politikarar aktivt med i arbeidet. Det er viktig at planen har talsmenn i det politiske miljøet når den skal vedtakast.

3.

Vassavgiftene må aukast til eit nødvendig nivå

- Både investeringar og drift kostar
- Eg trur abonnementane er villige til å betala for eit skikkeleg vatn
- Både fagfolk og politikarar må slutta å vera så redde for å seia at det kostar å gjera ting skikkeleg. Det er langt dyrare med halvgjort arbeid !
- Forståing for auka avgifter må ein opparbeida gjennom eit seriøst hovudplanarbeid

4.

Motivering til kvalitet

- Haldningane må endrast
- Anlegga må fungera slik dei er tenkt - dernest kjem spørsmålet om pengar!
- Private anlegg må motiverast til å bruka profesjonell hjelp ! Det er ikkje alt som er eigna for dugnad.

Det betyr at ein skal byggja så rimeleg som mogeleg, men ikkje rimelegare !

5.

Sentrale styresmakter må prioritera arbeidet med å hjelpa fram løysingar som fungerar for små kommunar/små vassverk

6.

Næringsmiddeltilsyna er viktige

- NMT er ofte det einaste kontaktpunktet mot private vassverk
- NMT bør konsentrera seg om revisjonar og etterlysa utvikling
- Utviklinga i vassforsyninga er avhengig av at dette skjer

7.

Konsentrer arbeidet om dei private vassverka som vil vera med (dei kommunale reknar eg som sjølv sagt at dei tek dette på alvor!)

- Bruk dei positive eksempla
- Ros dei som gjer det bra
- Set mediafokus på det positive